

# Aurland kommune



## Utfordringsnotat 2020 - 2023/2032

Godkjent av rådmann 20.05.20

*Aurland har knekt bygdekoden*

*«Forskarane meiner denne kommunen har knekt bygdekoden*

*Kommunen ligg heilt i utkanten, og mange statlege arbeidsplassar har forsvunne.*

*Likevel strøymer ungdommen til Aurland i Sogn.»*

*«NATUROMGJEVNADER: Aurland har ein vakker natur, og det har næringslivet i kommunen klart å tene pengar på.»*

*(Kjelde; <https://www.nrk.no/soqnogfjordane/forskarane-meiner-denne-kommunen-har-knekt-bygdekoden-1.14461277>)*

## Innhold

|  |    |
|--|----|
| 1. Innleiing .....   | 4  |
| 2. Utviklingstrekk i kommunen.....                         | 4  |
| 2.1 Folketal og aldersamansetting .....                    | 4  |
| 2.2 Levekår .....  | 5  |
| 2.3 Bustad og tomter.....                                  | 6  |
| 2.4 Universell utforming.....                              | 8  |
| 2.5 Næringsutvikling og sysselsetting .....                | 8  |
| 2.6 Miljø og klima .....                                   | 11 |
| 2.7 Arealutfordringar.....                                 | 14 |
| 2.8 Økonomiske rammevilkår .....                           | 14 |
| 2.9 Kommunale tenester .....                               | 15 |
| Barn og unge .....   | 15 |
| Helse og omsorg.....                                       | 15 |
| Kommunal forvaltning, tekniske tenester og beredskap ..... | 15 |
| 3. Strategiske val for kommunen .....                      | 16 |
| 4. Vurdering av planbehov .....                            | 18 |
| 4.1 Nye nasjonale og regionale føringar .....              | 18 |
| 4.2 FN sine bærekraftsmål .....                            | 19 |
| 4.3 Regionale planar.....                                  | 20 |
| 4.4 Kommunale planar .....                                 | 20 |
| 4.5 Kommunal planstrategi .....                            | 21 |
| 4.6 Forenkling av plansystem .....                         | 23 |
| 5. Utfordringsbiletet oppsummert .....                     | 23 |

## 1. Innleiing


Administrasjonen har utarbeidd eit utfordringsnotat. Utfordringsnotatet er tredelt. I første del syner viktige utviklingstrekk i kommunen knytt til befolkning, levekår, næringsutvikling, sysselsetting, arealutfordringar, miljø og klima og nasjonale og regionale føringar som kan påverke planbehova. Administrasjonen peikar på aktuelle innsatsområde for kommunen framover under kvart temaområde. Andre del syner ein del aktuelle problemstillingar og strategiske val for kommunen. Den tredje delen gjev ei oversikt over plansystemet og føringar for plansystemet i Aurland kommune. Statistikk og grunnlag for vurderingar i dokumentet er henta frå offentleg statistikk og informasjon frå tenesteeiningane.

Utfordringsnotatet skal primært vere grunnlag for arbeid med ny kommunal planstrategi for perioden 2020-2023. Kravet til kommunal planstrategi er heimla i plan og bygningslova. Planstrategien skal vere vedtatt innan eitt år etter at kommunestyret er konstituert. Kommunal planstrategi skal klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp, eller vidareføre i perioden. Planstrategien bør i tillegg avklare behov for interkommunal planlegging. Planstrategien er retningsgivande for kommunen si planlegging. Planstrategien skal syne kva område kommunen har eit planbehov.

Utfordringsnotatet, inngår i tillegg, som ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeid vidare med rullering av økonomiplan 2021-2024 og arbeid med kommuneplanen.

## 2. Utviklingstrekk i kommunen

### 2.1 Folketal og aldersamansetting



Kjelde: <https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/f3f59155-f901-49ad-880a-3622d9f20cd1>

I same periode ser vi ein sentralisering innan kommunen, til Vassbygdi, Flåm og Aurlandsvngen.

Per no er det 243 innvandrarar i Aurland. I tillegg er det 20 norskfødde av innvandrarforeldre (kjelde: [www.IMDI.no](http://www.IMDI.no))

Ifølge folketalsframskrivinga vil Aurland kommune ha ei svak positiv folketalsauke fram mot 2040 (sjå figuren nedanfor). Kjelde: Vestland fylkeskommune <https://statistikk.igest.no/hf/>

| Aurland                  | 2019  | 2020  | 2025  | 2030  | 2035  | 2040  | 2045  |
|--------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| <a href="#">I alt</a>    | 1 764 | 1 768 | 1 768 | 1 780 | 1 786 | 1 787 | 1 781 |
| <a href="#">0 år</a>     | 22    | 17    | 16    | 16    | 15    | 15    | 14    |
| <a href="#">1-5 år</a>   | 70    | 77    | 85    | 80    | 78    | 75    | 75    |
| <a href="#">6-12 år</a>  | 121   | 115   | 107   | 116   | 114   | 109   | 105   |
| <a href="#">13-15 år</a> | 53    | 59    | 53    | 49    | 52    | 51    | 51    |
| <a href="#">16-19 år</a> | 86    | 75    | 80    | 70    | 72    | 72    | 70    |
| <a href="#">20-29 år</a> | 239   | 235   | 216   | 209   | 197   | 195   | 196   |
| <a href="#">30-39 år</a> | 214   | 227   | 241   | 235   | 226   | 220   | 215   |
| <a href="#">40-49 år</a> | 222   | 212   | 197   | 216   | 221   | 216   | 210   |
| <a href="#">50-59 år</a> | 263   | 262   | 257   | 229   | 214   | 229   | 232   |
| <a href="#">60-66 år</a> | 142   | 149   | 170   | 173   | 170   | 145   | 147   |
| <a href="#">67-74 år</a> | 168   | 170   | 157   | 171   | 183   | 188   | 170   |
| <a href="#">75-84 år</a> | 95    | 105   | 138   | 160   | 164   | 183   | 194   |
| <a href="#">85+ år</a>   | 69    | 65    | 51    | 56    | 80    | 89    | 102   |

Framskriving syner at tal eldre over 75 år vil auke heile perioden. Tal eldre over 85 år vil vere stabilt til 2030 og så auke frå 2030. Tal elevar i grunnskulen er venta å gå ned og blir noko redusert. Tal barn i barnehage er førespegla å auke ein del på kort sikt i løpet av dei neste fire-fem åra.

I høve til folketal og demografi er det to tema som er særleg aktuelle:

- Tilrettelegge for fleire barnehageplassar
- Legge til rette for at Aurland skal vere eit aldersvennleg samfunn
- Integrering av tilflyttarar

## 2.2 Levekår

Statistikken for fylket viser at Sogn og Fjordane framleis peikar seg positivt ut på mange levekårsindikatorar. Vi har små inntektsskilnader, få born som lever i familiar med låg inntekt og høg, forventade levealder. Vi har færre born som har einsleg forsyttar, færre unge lovbryttarar og færre unge arbeidsledige enn landsgjennomsnittet. Trivsel på skulen målt ved 10. klasse er noko betre enn landssnittet, og mobbing i skulen for same alderstrinn er vesentleg betre enn for landet. Det same

*gjeld fråfall i vidaregåande skule. Utvikling og utfordringar: Levekåra i fylket skil seg likevel mindre frå landsgjennomsnittet enn tidlegare. Dette gjeld i særleg grad indikatorar som måler utviklinga for born og ungdom. Talet på born under barnevernet og lesedugleiken blant 5. klassingar har hatt ein negativ utvikling dei siste åra. I tillegg har talet på born som bur med berre ein omsorgsperson gått ned på landsplan, men ikkje i Sogn og Fjordane.*

(Kjelde: Sogn og fjordane fylkeskommune ["Kunnskapsgrunnlag - Oversikt over levekår og livsstil i Sogn og Fjordane \(oppdatert januar 2016\)"](#) s.8 )

Kommunen har i 2019 og fram til 2020 jobba for å utarbeide folkehelseoversikt for kommunen. Fakta i Folkehelseoversikta 2020 henta i offentleg statistikk og erfaringar i tenestene. Folkehelseoversikta som no er utarbeidd er såleis godt forankra i den kommunale verksemda. Folkehelseoversikta peikar på fleire tema som viktige med omsyn til folkehelsa i kommunen:

- Kvardagsaktivitet – satsinga på nærmiljøanlegg er ein strategi for å auke kvardagsaktivitet. Aktive møteplassar der folk bur og tilrettelegging av friluftsliv der folk bur er aktuelle tiltak. Dagsturhytta og stien til Brekkefossen er døme på tiltak som bidreg til auka kvardagsaktivitet. Tilrettelegging for gåande og syklende vil og vere viktige bidrag for å auke kvardagsaktivitet.
- Skadar og ulykker – Aurland kommune ligg høgt på statistikk for ulykker og skadar. Dette skuldast mellom anna ulykker på E16, ulykker på Rallarvegen og turgåarar som skadar seg. Offentleg statistikk syner i tillegg at det er relativt mange lårhalsbrot.
- Levealder menn- statistikken i Aurland syner at levealder for menn er vesentleg lågare i Aurland enn i t.d. nabokommunen Lærdal. Det er usikkert kva som er årsaka til at Aurland har relativt høg dødelegheit hjå menn under 74 år.
- Relativt mange born i Aurland bur i hushald med låg inntekt, men færre born enn i landet elles bur med einsleg forsørgjar. Tiltak som bidreg til låg terskel for deltaking i aktivitetar for born og unge og familiar kan vere med å redusere følgjer av barnefattigdom. Samarbeid med frivillig sektor er viktig. Eit anna viktig innsatsområde er utdanning.
- Helsetilstand – statistikk syner at helsetilstanden til innbyggjarane er god. Område der Aurland skil seg negativt frå landet elles er m.a. flåttbitt, harepest, overvekt på sesjon og område med høg radonstråling.
- Ungdata - ca kvar tredje år vert undersøkinga Ungdata gjennomført på ungdomstrinnet. Ungdataundersøkinga gjev kunnskap om ungdomsmiljøet. Ungdataundersøkinga blir nytta i det førebyggjande arbeidet og i samarbeid med politiet.

I høve til folkehelse vil innsats på desse områda vere positivt:

- samarbeid og tilrettelegging for frivillig sektor
- satsing på nærmiljøanlegg og aktive møteplassar

Folkehelseoversikta for kommunen skal vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside under «kunnskapsgrunnlag».

### 2.3 Bustad og tomter

Aurland kommune gjorde i 2019 ei omfattande bustadkartlegging i aldersgruppene 18 – 39 og 60 – 75. Kartlegginga er gjort i samband med utarbeiding av bustadpolitisk handlingsplan. Utfordringar på bustadmarknaden i Aurland er ikkje noko nytt, men årsakene til det kan vere meir samansett no enn tidlegare.

Resultata frå innbyggjarundersøkinga viser at fleirtalet ønskjer å bu i Aurland, mens dei som reknar med å ikkje verte buande i kommunen oppgjev at mangel på bustad er hovudgrunnen til dette. I


tillegg er høge bustadprisar og mangel på tilgjengeleg bustad der innbyggjarane ønskjer å bu den største utfordringa til dei som ønskjer seg ny bustad i kommunen.

To særskilte problemstillingar for kommunen er den store naturfaren og andelen av bustadar som vert leigd ut via nettoperatørar som Airbnb og HomeAway. Det er avgrensa moglegheit til framtidig utbyggingsføremål grunna naturfare i kommunen. Areal som er eigna for utbygging er i stor grad samanfallande med innmark i aktiv drift.

Etterspurnaden etter bustadar både for kjøp og leige har inntil nyleg vore større enn det som er tilgjengeleg i marknaden. Dette er eit reelt hinder for menneske som allereie er i, og ynskjer å etablere seg i kommunen, men kan og vere eit hinder for tilflytting.

Det kan synast som at ein større del av befolkninga samanlikna med fylket og landet leiger bustad.

Nedanfor er ei oversikt over kommunale og private reguleringsplanar i perioden 1970-d.d.



Nokre område regulert til bustad er no under utbygging m.a. Ryggjatun. Kommunestyret vedtok i 13.februar bustadpolitisk plan med tiltak som skal følgjast opp i økonomiplan.

Sentrale tema i oppfølging av bustadpolitisk plan er:

- Utnytting av eksisterande bustadmasse m.a. utgreiing av buplikt/null-konsesjon
- Tiltak for å auke gjennomføring av vedtekne reguleringsplanar

### Kommunale utleigebustader

Kommunen har etter lov om sosiale tenester i NAV eit ansvar for bustader til vanskelegstilte. Vanskelegstilte på bustadmarknaden er ei samansett gruppe med personar i ulike alder som av ulike årsaker har vanskar med å skaffe seg eigen bustad.

Gjennomsnittsalderen på dei kommunale bustadane er 1986. Den eldste bygningen er frå ca 1900 (Gamle Vangen skule), mens dei nyaste er frå 2017 (Furuly og Ohnstad). Seks av bustadane vert tildelt av teknisk eining, tolv av NAV og flyktingtenesta og fire av helse og førebygging. Dei

resterande 34 bustadane, inkludert bueiningane på Aurland Helsetun, vert tildelt av pleie og omsorg og bu- og miljøteneste.

## 2.4 Universell utforming

*«Regjeringens visjon er et samfunn der alle kan delta. Et viktig virkemiddel for å oppnå dette er god tilgjengelighet og omgivelser som er trygge og praktiske å bruke. Universell utforming kan derfor betraktes som en samfunns kvalitet med særlig betydning for personer med funksjonsnedsettelse. I regjeringens handlingsplan for universell utforming (2015 – 2019) presiseres det at det er et mål at samfunnet skal ha plass til alle.*

*I handlingsplan legges det vekt på at en skal gi alle like muligheter til utdanning, arbeid og sosialt liv. Det gjør det viktig å utvikle skoler, arbeidsplasser, transportmidler, uteområder og tekniske løsninger som flest mulig kan bruke. At alle får mulighet til å bidra, er av stor betydning for samfunnet. Den sosiale og økonomiske bærekraften avhenger av at flest mulig får god kompetanse, kommer i arbeid og kan leve aktive og selvstendige liv.*

*Forskning viser at universell utforming bidrar til god samfunnsøkonomi, og at statlige initiativ er nødvendig for utviklingen. Regjeringen vil derfor arbeide videre for et universelt utformet samfunn. I handlingsplanen vektlegges betydningen av å satse mer på informasjons- og kommunikasjonsteknologi og velferdsteknologi. Nettløsninger, billettautomater og annen teknologi i hverdagen må utvikles slik at de kan brukes av alle.»*

(Kjelde: <http://www.fritidforalle.no/klare-nasjonale-maal-om-universell-utforming.6019676-356506.html>)

Aurland kommune har nyleg søkt om tilskot til å kartlegge kommunale bygg med omsyn til universell utforming. Administrasjonen deltek i KS sitt nettverk for universell utforming. Dette er eit fagnettverk.


Tema i høve til universell utforming er

- Kartlegging av bygg og uteområde
- Universell utforming i samband med nye investeringar

## 2.5 Næringsutvikling og sysselsetting

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune har i samarbeid fått utarbeidd sårbarheitsindeks for kommunane i fylket. Rapporten vurderer moglege trugslar knytt til næringslivet og rangerer kommunane i ein indeks frå mest til minst sårbare. I denne oversikta kjem Aurland ut som ein av dei minst sårbare kommunane.






(Kjelde: Sårbarhetsindeks for næringslivet i Sogn og Fjordane 2019)

«*Dei fleste kommunane som kjem ut som mest sårbare i indeksen, scorar relativt høgt på grad av ein-sidig næringsstruktur og/eller del sysselsette i konkurranseutsette næringar. Geografisk, fordeler dei mest sårbare kommunane seg over heile fylket, men med ei overvekt nord for Sognefjorden. I andre enden av indeksen finn vi blant anna Bergen, Sogndal, Fjaler, Førde og Aurland, som alle scorar spesielt lågt på del sysselsette i konkurranseutsette næringar. Vidare oppover på indeksen finn vi Voss, Os, Eid, Askøy, Flora og Eidfjord. Kommunane som kjem ut som minst sårbare i indeksen, scorar jamt over lågt på alle fire moglege trugsjar knytt til bedrifts- og næringsstrukturen. Eit fellestrekk for fleire av dei er likevel svært låg del sysselsette i konkurranseutsette næringar samanlikna med andre kommunar i fylket i tillegg til lite avvik frå nasjonalt gjennomsnitt når det gjeld del sysselsette i offentleg sektor. Dei minst sårbare kommunane er fordelt over heile fylket men noko meir konsentrert i indre strok, kring Bergen og nord i fylket.*» (Sårbarhetsindeks s. 20)

I Telemarkforskning sin rapport om suksessrike distriktskommunar er Aurland omtala slik:


«*Den høye attraktiviteten til Aurland de siste årene er en sum av økt bostedsattraktivitet og økt næringsattraktivitet. Men det er rimelig å forklare den økte attraktiviteten med at kommunen har forstått mulighetene, og lagt til rette for å kunne utnytte dem, og bruker de enestående natur- og kulturverdiene i området som grunnlag for stedsutvikling og markedsføring.*»

(Kjelde: Telemarksforsking)



(Kjelde: SSB.no)

Utviklinga i Aurland har vore at sysselsetting i privat sektor har gått oppover dei seinare åra, medan sysselsetting i offentleg sektor har gått ned. Flest personar sysselsett i helse og sosial relaterte yrker, deretter kjem overnatting og servering. Den største auken i sysselsetting er innan privat tenesteyting (varehandel, hotell og restaurant m.m.). Same biletet ser vi i omsetninga innanfor reiselivet. Omsetnaden i reiselivet har auka frå 80-754 mrd NOK i perioden 1998 til 2016. Dette tilsvarar ein gjennomsnittleg vekst på vekst på 13% per år (Kjelde: Aurland ressursutvikling AS).



Den kontinuerlege satsinga i Flåm frå 1998 har gitt omsetningsvekst, lønnsemd og arbeidsplassar.

Sidan 12.mars og nedstenging på grunn av Korona har situasjonen endra seg dramatisk. Det er i dag svært høg arbeidsløyse i Aurland og reiselivsverksemdar har brått mista omsetnad og alle inntekter. På det høgaste var arbeidsløysa over 20%, dette er blant det høgaste i landet. Det er grunn til å tru at dette er mellombels og at utviklinga i reiselivsnæringa vil halde fram når samfunnet normaliserer seg etter pandemien.

Delar av næringslivet er godt i gang med tilpassing til «Det grønne skiftet».

Den positive utviklinga i kommunen i høve til næringsliv påverkar kva rolle kommunen har som tilretteleggar. Viktige tema knytt til næringsutvikling for kommunen framover vil vere:

- Bærekraftig vekst i reiselivet
- «Det grønne skiftet»
- Fellesgodefinansiering, destinasjonsbidrag og betalingsparkering
- Variasjon i næringsstruktur og arbeidsplassar
- Arealforvaltning/arealplanlegging

## 2.6 Miljø og klima

Noreg har mål om å redusere ikkje kvotepliktige klimagassutslepp med minst 45 % innan 2030 (samanlikna med 2005 nivå). Noreg skal vere eit lågutsleppsamfunn innan 2050.

Lokalt arbeid med klimatilpassing er todelt (1) å bidra til lågare utslepp og (2) å redusere risiko og naturfarar knytt til klimaendringar.

### **Klimaendringar / Naturfarar**

Kommunen er utsett for ras, flaum, stormflo, kvikkleire og flodbølgje. Klimaendringar kan auke risikoen for slike hendingane, og klimatilpassing og beredskap er difor prioriterte område i kommunen. Kommunen er med i KS sitt kommunenettverk om klimatilpassing, og vil med dette auke si forståing for arbeid med klimatilpassing som kommunen.

I kunnskapsgrunnlaget til Klimaplan for Sogn og Fjordane 2018-2021 er det gjort ei vurdering av klimatiske endringar fram mot 2100 i Sogn og Fjordane. Desse er oppsummert i figurane nedanfor:


**SANNSYNLEG AUKE**

|  |   |
|--|---|
| <br>Kraftig nedbør              | Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn |
| <br>Regnflaum                   | Det er venta fleire og større regnflaumar   |
| <br>Jord-, flaum- og særpeskred | Auka fare som følgje av auka nedbørmengder  |
| <br>Stormflo                    | Som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivåa  |

**MOGLEG SANNSYNLEG AUKE**

|   |  |
|---|--|
| <br>Tørke      | Trass i meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren   |
| <br>Isgang    | Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisganger samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten  |
| <br>Snøskred | Med eit varmare og våtare klima vil snøgrensa bli høgare, og regn vil oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område |

**SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE**

|   |   |
|---|---|
| <br>Snøsmelteflaum | Snøsmelteflaumane vil kome stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret |
|---|---|

**USIKKER**

|  |  |
|--|--|
| <br>Sterk vind                | Truleg lita endring  |
| <br>Steinsprang og steinskred | Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane |
| <br>Fjellskred                | Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg        |

(Kjelde:

[https://img4.custompublish.com/getfile.php/4191627.2344.tnznwuwiznasjt/Kunnskapsdel\\_Vedteke+i+FT+juni+2018.pdf?return=www.sfj.no](https://img4.custompublish.com/getfile.php/4191627.2344.tnznwuwiznasjt/Kunnskapsdel_Vedteke+i+FT+juni+2018.pdf?return=www.sfj.no))

### **Utslepp til luft og vatn**

I fylgje tal frå 2017 er det i Aurland utslepp frå vegtrafikken som utgjer den største utsleppskjelda (49%), der personbilar utgjer 59% av utsleppet frå vegtrafikken, og resten kjem frå bussar, varebilar og tungtransport. Den nest største utsleppskjelda er sjøfart. Dette går utifrå nye tal for klimagassutslepp utgreidd av Miljødirektoratet. Desse tala går ikkje lenger tilbake enn 2009, noko som gjer at det kan vere ei utfordring å setje mål i høve til referanseåret 1990. Om me skal stole på tala frå 1990 som er lagt fram i «Kommunedelplan for energi og klima Aurland kommune 2011-2020», vil kommunen for å følgje opp nasjonale mål måtte redusere klimagassutslepp med 60% frå 2017-tal innan 2030.

Forprosjekt energi- og miljøsats Aurland (EMSA) har gått frå november 2017 til sommaren 2019. Forprosjektet greia ut moglegheitane for biogass- og hydrogenproduksjon i Aurland. Det har blitt konkludert med at det vil vere tenleg med biogassproduksjon i kombinasjon med reinsing av avlaupsvatnet i Flåm for å produsere energi og hindre utslepp av næringsstoff til verdsarvfjorden, på lik linje med utslepps krav til båtar sett av Sjøfartsdirektoratet frå 2019.

Sommaren 2019 vart det starta opp målingar av luftkvaliteten i Flåm. Det er samtidig utvikla ein nasjonal varslingsmodell for luftkvalitet, kalla «Luftkvalitet i Norge». Saman utgjer dette eit svært godt grunnlag for å halde oversikten over luftkvaliteten i kommunen frå 2019. I sommarsesongen er det målt enkelttimar med moderat luftkvalitet frå nitrogendioksid og svoveldioksid, noko som kan forverre symptoma til risikogrupper, som personar med luftvegsproblem. Det er venta at talet på timar med dette vil gå ned med første trinnet med strengare miljøkrav til cruiseskip som blir innført frå og med 2020.

Sjøfartsdirektoratet har nyleg lagt fram sin rapport om konsekvensar ved i innføre krav om nullutslepp i Verdsarvfjordane frå 2026. Det er pågåande politiske debatt om dette no.

I tillegg til lokal luftureining, er kommunen er ureiningsmynde for mellom anna avlaup, avfall og ureining i landbruket. Kommunen har òg ansvar for forvaltning av lokale vassdrag. Kommunen har delvis samarbeidd med Sogn vassregion om denne forvaltninga, men har gjort eigne utgreiingar og undersøkingar av vassdrag.

### **Overordna ROS-vurdering**

Kommunen sin overordna ROS-analyse vurderer hendingar knytt til klima - ekstrem nedbør, flaum, skred og eventuell flodbølge ved utfall av Joasetberget. I ROS-analysen er det lagt til grunn at klimaendringar kan føre til meir ekstremvær og havstigning. Havstigning på grunn av temperaturstigning vil særleg påverke arealbruken. Meir ekstremvær gjev auka fare for flaum og skred. I ROS-vurderinga er hendingar som kan ramme infrastruktur og bustadområde særleg omtala.

I høve til klima har kommunen eit særleg ansvar for å vurdere risiko og beredskap, i tillegg til lokal klimatilpassing. Nokre sentrale tema er:

- Naturfarar – planlegging, risiko og beredskap
- Vassforvaltning
- Vatn og avlaup – kapasitet og infrastruktur
- Miljøkrav i Verdsarvfjordane



- Lokale klimamål og tiltak for å redusere utslepp til luft og vatn

## 2.7 Arealutfordringar

Arealknappheit i Aurland heng saman med naturfarar, men og med topografi og vedtak om vern.



Innanfor Aurland kommune er det fem verneområde. Disse er Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia - Storebotn landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og Hallingskarvet nasjonalpark. Totalt er 33,3% av kommunen sitt areal verna.

Landskapet i Aurland er kjenneteikna med fjord og fjell. Arealet som er mogeleg å utnytte til landbruk og bustad er begrensa. Mykje av arealet som er eigna for landbruk og bustadføremaal er innanfor strandsona. Etter plan og bygningslova er det eit generelt byggeforbod 100 meter frå sjø.

Gjeldande plan for samla arealbruk i kommunen «Kommuneplanen sin arealdel» vart vedteken i 2009. Det er dei siste to åra vore eigne prosjekt på kartlegging av kjerneområde landbruk og kartlegging og verdisetting av friluftsområde. Disse gjev viktig kunnskap i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel og i samband med saker som gjeld detaljregulering. For Nærøyfjorden landskapsvernområde er det laga eigen forvaltningsplan. Revisjon av forvaltningsplan er no i gang.

## 2.8 Økonomiske rammevilkår

Kommunen sine inntekter omfattar:

- Inntektsskatt frå innbyggjarar
- Rammetilskot frå staten
- Eigedomsskatt
- Naturressursskatt frå staten
- Sal av konsesjonskraft
- Konsesjonsavgift
- Utbyte frå aksjeselskap kommunen er medeigar i
- Andre inntekter m.a. brukarbetaling, gebyr på tenester og anleggsbidrag

I 2019 vart det lagt fram ein NOU om skattlegging av vasskraft med framlegg om å fjerne ordninga med konsesjonskraft og konsesjonsavgift og omlegging av eigedomsskatten. Det har sida konsesjonslovene vart vedtekne i 1917 lege til grunn at ordningane med konsesjonskraft, konsesjonsavgift og naturressursskatt skal vere ein varig kompensasjon for den naturen som vertskommunane har gitt frå seg til vasskraft. Det var naturleg stort engasjement som følgje av framlegga til kraftskatteutvalet. Utrekningar frå LVK synte at Aurland kommune kunne tape så mykje som 70 millionar årleg i inntekter. I februar 2020 kom meldingane om at regjeringa har lagt vekk framlegget.

Som følgje av inntekter frå vasskraft er Aurland kommune ein av dei kommunane i landet med høgast frie inntekter. Dette gjev kommunen naturleg større handlingsrom enn dei fleste kommunar. Dei siste åra har likevel situasjonen vore slik at auke i inntekter ikkje kompenserer for pris og lønsvekst. På grunn av Korona-krisa er det venta at kommunen får ein netto inntektsreduksjon i 2020 på over 10 millionar. Kompensasjon frå staten er ikkje venta å dekke reduserte skatteinntekter, redusert inntekt på sal av konsesjonskraft og bortfall av utbyte. For å sikre økonomisk bærekraft framover må kommunen ha strategiar for å redusere utgifter anten ved å redusere aktivitet og ved å effektivisere eller strategiar for å auke inntekter. Nedanfor er døme på tiltak for å auke inntekter:

- innføre fleire sjølvkostområde (gebyr på tenester)
- auka brukarbetaling
- auka avkastning på sal av konsesjonskraft
- reduksjon i utgifter (redusert grunnbemanning, effektivisering, sjølvbetjeningsløysingar, terskel for tenester, velferdsteknologi m.m.)
- eksterne tilskot
- sal av aksjar og eigedom

## 2.9 Kommunale tenester

Kommunal tenesteyting forvaltning er i stor grad styrt av særlover. Utvikling av dei kommunale tenestene blir påverka mellom anna påverka av:

- nasjonale føringar og forventningar
- nye og endra lovkrav
- lokale vedtak og føringar i kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan

## Barn og unge

Nasjonalt er det vedteke bemanningsnormer som er førande for skular og barnehagar. Det er strengare kompetansekrav til lærarar som skal undervise i grunnskulane. Kompetansestrategi for barnevernstenesta. Lokalt er det fokus på tidleg innsats, samarbeid på tvers og deltaking i tenestestøtteprogrammet for barnevernstenester i regi av fylkesmannen.

## Helse og omsorg

Innan eldreomsorga er det i statsbudsjettet 2020 føreslått finansieringsordningar for heildøgns plassar og lokale kjøkken. For å kunne yte forsvarlege teneste til stadig fleire eldre vil kommunane måtte rekruttere mange fleire i denne sektoren. Vi må i tillegg endre måten vi yter tenester på. Lokalt fokus på kompetanseutvikling, rehabilitering/kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er teke eit initiativ til å utgreie meir interkommunalt samarbeid om legetenester. Helsestasjonen er sentral i satsinga på tverrfagleg innsats retta mot barn og unge.

## Kommunal forvaltning, tekniske tenester og beredskap

Nasjonale forventningar til heilskapleg og berekraftig utvikling legg føringar for kommunen sin

innsats på fleire område. Sikre forsvarleg vassforsyning og lokale klimatilpassingstiltak er naturlege fokusområde. Beredskapsarbeidet har elles høg prioritet. Innanfor plan og byggesak og investeringar innan vatn og avlaup har det vore høg aktivitet. Etter flaumen i 2014 har kommunen hatt særleg høge investeringsbudsjett.

### 3. Strategiske val for kommunen

I førre kommunestyreperioden, og i den kommunestyreperioden som er i gang, er det fleire saker som representerer strategiske val for kommunen.

#### Halde fram som eigen kommune

I samband med kommunereforma vedtok Aurland kommune å halde fram som eigen kommune. Avgjerda var mellom anna tufta på ei folkerøysting der 84,1% røysta for at Aurland skulle halde fram som eigen kommune. Som ein del avgjerdsgrunnlaget fekk kommunen utarbeida ein rapport som såg på fordelar og ulemper ved å halde fram som eigen kommune (Telemarksforsking, TF-notat nr 1/2016). I rapporten er det gitt nokre føresetnader for at Aurland skal kunne halde fram som eigen kommune.

- Meir effektiv tenesteproduksjon – rapporten syner at kommunen hadde eit årøeg innsparingspotensiale på 60 millionar i 2014 (KOSTRA konsern)
- Meir interkommunalt samarbeid
- Auka fokus på samfunnsutvikling
- System for politisk styring og kontroll med selskap og interkommunale samarbeid
- Politikarrolla frå forvaltningsstyring til eigarskapsstyring

Det vart i februar 2018 vedteke ein intensjonsavtale mellom kommunane Aurland, Lærdal og Årdal om utvida interkommunalt samarbeid. Samarbeidsområda som der det vart gjort utgreiingar var: Digitaliseringsstrategi, plan og byggesak, brann og beredskap, barnevern og strategi for rekruttering og kompetanseheving innan helse og omsorg. Aurland kommune er framleis med i prosjektet som ser på felles strategi for kompetanse og rekruttering innan helse og omsorg. Dei andre delprosjekta er avslutta, eller Aurland har trekt seg frå prosjekta.

#### IKT-samarbeid

Rådmann har varsla oppseiing av interkommunalt samarbeid og kjøp av IKT-tenester frå Årdal kommune. Det er rådmann sin konklusjon at kommunen må gjere ei ny vurdering i høve til IKT-samarbeid. Aurland kommune er avhengig av å vere knytt til eit fagmiljø som kan sikre at kommunen heng med i utviklinga. Rådmann tilrår at vi vurderer å gå inn i eit større IKT-samarbeid. Samarbeid med kommunar i Sunnfjord og samarbeid med Bergen, og kommunar rundt Bergen, er to alternativ rådmann meiner at vi må utgreie.

#### Skulestruktur og barnehagestruktur

I førre kommunestyreperiode var både skule og barnehagestruktur tema. Det vart gjort vedtak om barnehagestruktur i samband med at kommunestyret tok stilling til lokalisering av ny barnehage og kommunestyret stadfesta skulestruktur i samband med handsaming av økonomiplan. To kommunale barnehagar, ein privat barnehage og to skular ligg til grunn for dagens drift og kommunen sine planar framover.

#### Kommunale eigendomar

Aurland kommune har om lag 36.000 km<sup>2</sup> bygg. Tala nedanfor er frå teknisk eining:



| <b>TOTALOVERSIKT, ALLE BYGG</b> |    | <b>BTA (m2)</b> |
|---------------------------------|----|-----------------|
| Skular                          | Ca | 6200            |
| Barnehager                      | Ca | 1750            |
| Institusjon - aldersbustad      | Ca | 5700            |
| Adm.bygg                        | Ca | 7900            |
| Kultur/idrettsbygg              | Ca | 5550            |
| Bustad                          | Ca | 1500            |
| Næringsbygg                     | ca | 7300            |
| <b>Sum bygningar</b>            |    | <b>35900</b>    |

Det er i førre periode vedteke sal av ein del kommunale eigendomar. Kommunestyret har vedteke å leige ut industribygget i Vassbygdi til privat aktør som skal etablere datalagring.

Kommunestyret har vedteke å starte planlegging av ei større utbygging ved Aurland helsetun. Utbygginga omfattar både personaldel og omsorgsbustader.

#### **Kommunal veg**

Aurland kommune har ca 55 kilometer kommunal veg. I førre periode var nedklassifisering av kommunale vegar vurdert. Gang og sykkelveggar kjem i tillegg til dette.

#### **Breibandutbygging**

Kommunen har ein vedteken strategi for breibandutbygging. Strategien varer ut 2020 og målsettinga er at heile kommunen skal vere utbygd. Aurland kommune har fått tilskot til tre nye område i 2020. Dette gjeld Bjørgo/Turlid, Bakka/Tufto og Li/Kvitt/Vikesland /Ottnes. Anboda er lagt ut i Doffin og frist for å komme med tilbod var i mai. Ved utgang av frist er det kome tilbod på to av områda. Bjørgo/Turlid er det ikkje kome tilbod.

Utfordringa med at på dei områda som fortsatt ikkje er utbygd i kommunen er at det svært få hus og dei ligg i utkanten av kommunen. Dette gjer at dei blir veldig dyre når ein reknar pr. husstand. Og det er slik det vert rekna, både for utbyggjar og for tilskotet kommunen får. Utbyggjarane finn det ikkje lønnsamt å bygge ut sjølv med offentlege tilskot. Det kostar også for mykje å drifte i ettertid i forhold til inntekta dei vil få frå dei abonnemента dei vil klare å selje.

#### **Vestland – strategisk retning for kommunen**

I det nye fylket har kommunestrukturen endra seg.

Kommunane i Indre Sogn samarbeider gjennom Sogn regionråd. Som underutval til Sogn regionråd er det etablert ein del interessesarbeid og fagnettvek som kommunen deltek i.

Kommunane Aurland, Vik og Voss har i fleire år administrert eit regional næringsfond. Voss og Aurland har felles interesser i høve til både samferdsel, kollektivtilbod, næringsutvikling. Kommunane har delvis overlappande bu- og arbeidsmarknad.

#### **Gondolprosjekt**

I løpet av februar 2020 har Aurland ressursutvikling AS (ARU) lagt fram planar om å byggje Gondolbane i Aurland. Planar om gondol er forankra i strategisk retning for selskapet, som vart vedteke i eigarmøte 18.03.19. Det er lagt fram alternative trasear frå Aurlandsvengen til Prest. Målsettinga til ARU er å få på plass ein ny stor turistattraksjon i Aurland. Ein slik ny attraksjon skal mellom anna bidra til vidare vekst i reiselivsnæringa og bidra til at Flåm/Aurland opprettheld sin posisjon i marknaden. Mange ulike interesser vil bli påverka av ein Gondol og må takast med i ein eventuell planprosess. Realisering av gondol i Aurland føreset forankring i plan.

### Landstraum i Flåm

I KS-møte 12.12.19 godkjente kommunestyret Aurland Hamnevesen KF sitt budsjett 2020 med midlar til prosjektering av landstraum og forlenging av kaianlegg i Flåm. I Aurland Hamnevesen KF sin økonomiplan har hamnestyret sett av vel 140 millionar til dei to prosjekta. Det er sendt søknad til ENOVA, med frist 1. april 2020, om tilskot til infrastruktur for landstraum. Tilrettelegging for landstraum vil føresette at arealbruk blir avklara i områdeplan for Flåm.

I samband med at det blir planlagt å etablere landstraum i Flåm har Aurland kommune, Aurland hamnevesen og Aurland energiverk signert ein intensjonsavtale om å etablere sjøkabel frå Aurland til Flåm. Intensjonen er å tilrettelegge for landstraum og auka elektrifisering i Flåm.

## 4. Vurdering av planbehov

### 4.1 Nye nasjonale og regionale føringar

Regjeringa har lagt fram sine forventingar til regional og kommunal planlegging for perioden 2019-2023. Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

I det vidare har regjeringa gjort greie for sine forventingar til kommunane si planlegging innanfor fire tema.

*Planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling* - viktige stikkord er FN sine berekraftsmål, strategisk retning på samfunnsplanlegging, tilpasse planar etter kommunen sitt behov, digitale dialog i planprosessar, digitale kartdata, planstrategi, konsekvensar av å stå aleine, tilgang til kunnskap og kompetanse

*Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet* – viktige stikkord er klimaansvar, klimatilpassing, ROS-analysar til grunn for plan og utbygging, grøen omstilling, dei norske verdsarvområda utviklast som fyrtårn for beste praksis innanfor natur og kulturminneforvaltning gjennom arealplanlegging, drikkevasstryggleik, verdiskaping i nye grøne næringar i jord og skogbruk, jordvern, berekraftig utvikling i fjellet.

*Berekraftig areal- og transportutvikling* – viktige stikkord er fortetting og transformasjon, legge til rette for sykling og gonge, utbygging av mobil- og breibandnett.

*Byar og tettstader der det er godt å bu og leve* – viktige stikkord er bustadpolitikk ein del av areal og samfunnsplanlegginga, førebyggje levekårs utfordringar og utjamne sosiale forskjellar, universell

utforming, stiar og tuveggar sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn, fysisk aktivitet og naturoppleving for alle, bruks og verneverdiar i vassdraga, helsefremjande bu- og oppvekstmiljø.

#### 4.2 FN sine bærekraftsmål

Regjeringa legg til grunn at kommunen tek utgangspunkt i FN sine bærekraft mål i si planlegging.



- Utrydde alle former for fattigdom i hele verden
- Utrydde sult, oppnå matsikkerhet og bedre ernæring, og fremme bærekraftig landbruk
- Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
- Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremme muligheter for livslang læring for alle
- Oppnå likestilling og styrke jenters og kvinners stilling
- Sikre bærekraftig vannforvaltning og tilgang til vann og gode sanitærforhold for alle
- Sikre tilgang til pålitelig, bærekraftig og moderne energi til en overkommelig pris
- Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle
- Bygge robust infrastruktur, fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og bidra til innovasjon
- Redusere ulikhet i og mellom land
- Gjøre byer og bosettinger inkluderende, trygge, motstandsdyktige og bærekraftige
- Sikre bærekraftige forbruks- og produksjonsmønstre
- Handle umiddelbart for å stoppe klimaendringene og bekjempe konsekvensene av dem
- Bevare og bruke hav og marine ressurser på en måte som fremmer bærekraftig utvikling
- Beskytte, gjenopprette og fremme bærekraftig bruk av økosystemer, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspredning, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfold
- Fremme fredelige og inkluderende samfunn med sikte på bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer
- Styrke gjennomføringsmidlene og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling

### 4.3 Regionale planar

I samband med samanslåing vert det jobba med regional planstrategi for det nye fylket Vestland. Det er ikkje meint at fylket sin planstrategien skal fange opp alle problemstillingane det er viktig å jobbe med i fylket. I planprosessen vart følgjande utfordringar fastsett:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Sogn og fjordane fylke har vedteke fleire regionale planar som er retningsgivande for Aurland kommune si planlegging:

Regional planføresegn for handel 2017

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021

Regional plan for folkehelse 2015–2025

Regional plan for Nordfjella

Regional transportplan 2018–2027

Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021

Regional plan for kultur 2019-2027 - Kultur for alle

### 4.4 Kommunale planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2008-2020

#### **Overordna mål for Aurland kommune:**

*Aurland skal vere ein kommune der folk vil bu og finn det attraktivt å satsa og utvikla seg i både jobb og fritid.*

#### **Delmål for Aurland kommune**

- Auke folketalet i kommunen
- Mangfaldig næringsliv
- Arbeidsplassar - heile året
- Bustadar og tomter til alle som ynskjer å busette seg i kommunen
- Oppretthalde busetnad i grendene
- Attraktive fritidstilbod
- Trygt oppvekstmiljø
- God tenesteyting
- Arbeide for berekraftig samfunnsutvikling

#### **Næringsutvikling**

*Aurland kommune skal ha heilårsarbeidsplassar innanfor eit mangfaldig næringsliv til alle som ynskjer å arbeide i kommunen.*

#### **Tettstadutvikling**

*Tettstadane i kommunen skal vere attraktive bustadområder og gode møteplassar for fastbuande og tilreisande. Tettstadutviklinga skal skje med grunnlag i arkitektonisk og kulturhistorisk medvit og vere funksjonelle for alle. Innfallsportane til kommunen frå sjø, veg og tog er prioriterte område som skal gje tilreisande eit godt førsteinntrykk. Aurlandsvangen skal vere eit sterk kommunesenter med eit breitt tilbod til innbyggjarar og tilreisande.*

**Lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling**

*Aurland kommune vil trekke innbyggjarane inn i planlegging og samfunnsutforming i tråd med LA 21. Aurland kommune skal arbeide for å vere eit berekraftig samfunn med omsyn til biologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft.*

**Bustadpolitikk**

*- busetnaden i heile kommunen skal oppretthaldast.*

**Folkehelse**

*- utvikle eit aktivt folkehelsearbeid på tvers av faglege og organisatoriske grenser. Førebygge meir, reparere mindre.*

**Universell utforming**

*- Aurland kommune skal så langt det er mogeleg legge til rette for deltaking og tilgjenge for alle innbyggjarane i kommunen.*

**Barn og unge**

*– i Aurland kommune skal det vere eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Barn og unge skal gis mogelegheiter for utvikling til å bli allsidige og sosiale personar.*

Aurland kommune har vedteke desse kommunale planane som legg føringar for den operative planleggingar gjennom årleg rullering av kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjett:

Kommunedelplan for helse og omsorg

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse

Kommunedelplan for kulturarv (under arbeid)

Kommunedelplan for veg og trafikktryggleik

Kommunedelplan for klima og energi

Hovudplan for VA (temaplan)

Rusmiddelpolitisk handlingsplan (temaplan)

Demensplan (temaplan)

Utviklingsmelding barnehagar og grunnskule (statusrapport)

Vedteke reguleringsplanar og områdeplanar

**4.5 Kommunal planstrategi**

Vedteken planstrategi legg opp til omfattande planproduksjon. Det mest rasjonelle er at produksjon av planar samsvarer med kapasiteten til å følgje opp planar. Tabellen nedanfor syner planar i vedteken planstrategi 2016-2019, status planutforming og om planen er teken i bruk.

| <b>Plandokument</b>                                 | <b>Status</b>                      |
|---|------------------------------------|
| KP Samfunnsdel og arealdel                          | Prioritert, ikkje starta opp       |
| KDP kulturarv                                       | Slutfase no                        |
| KDP klima og energi                                 | Ikkje prioritert                   |
| KDP ved og trafikktryggleik                         | Prioritert, ikkje starta opp       |
| KDP fysisk aktivitet og folkehelse                  | Forlenga eitt år                   |
| KDP helse og omsorg                                 | Vedteken plan                      |
| Ty del 2, bustad                                    | Vedteken plan                      |
| Heggvikji-Bøen, turveg                              | Vedteken plan                      |
| Reguleringsplan for tilkomst til Flåm skule         | Vedteken plan                      |
| Reguleringsplan for Flåm kyrkje – Flåmshagen        | Vedteken plan                      |
| Reguleringsplan Helgheim                            | Vedteken plan                      |
| Reguleringsplan Fretheimshaugane del 2              | Vedteken plan                      |
| Reguleringsplan ny barnehage                        | Vedteken plan                      |
| Områdeplan for Undredal                             | Vedteken plan                      |
| Områdeplan Flåm                                     | Starta opp                         |
| Reguleringsplan Steingjerde, bustad                 | Starta opp                         |
| Ny tilkomst Ty                                      | Vedteken plan                      |
| Terahagen, næringsareal                             | Prioritert, ikkje starta opp       |
| Sentrumsutvikling Aurlandsvangen                    | Ikkje prioritert, ikkje starta opp |
| Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan      | Årleg revisjon                     |
| Årsbudsjett   | Årleg revisjon                     |
| Kjerneområde landbruk                               | Starta opp                         |
| Sti og løypeplan                                    | Starta opp                         |
| Friluftsområde                                      | Vedteken plan                      |
| Tiltaksstrategi SMIL                                | Vedteken plan                      |
| Forvaltningsplan Hjortevilt                         | Ikkje starta opp                   |
| Hovudplan Vatn                                      | Prioritert, ikkje starta opp       |
| Hovudplan Avlaup                                    | Prioritert, ikkje starta opp       |
| Kommunereforma                                      | Avklart i planperioden             |
| Overordna ROS                                       | Gjeldande ROS frå 2014             |
| Beredskapsplan                                      | Oppdatert sist 2019                |
| Rusmiddelpolitisk handlingsplan                     | Revisjon, starta opp               |
| Eigarskapsmelding                                   | Vedteke                            |
| Lønspolitiske retningslinjer                        | Vedteke                            |
| Serviceerklæringar                                  | Vedteke for dei fleste tenester    |
| Bemanningsplan                                      | Ikkje prioritert                   |
| Plan for bustadsosialt arbeid (bustadpolitisk plan) | Vedteken plan                      |
| Kompetanseplan                                      | Utarbeidd einingsvis               |
| Frivilligmelding                                    | Prioritert, ikkje starta opp       |

|  |  |
|--|--|
| <b>Evaluering av politisk struktur</b>                                   | Gjennomført etter valet i 2019                           |
| <b>Arbeidsgjevarstrategi</b>   | Ikkje prioritert   |
| <b>Finansreglement</b>   | Prioritert, ikkje starta opp                             |
| <b>IKT-strategi</b>  | Starta opp i ÅLA   |
| <b>Folkehelseoversikt</b>  | Slutfase no  |
| <b>Plan for besøksforvaltning Verdsarvområde vestnorsk fjordlandskap</b> | Gjennomført i samarbeid med eksterne - sluttrapport 2018 |
| <b>Kartlegging av flaum og skredsikringstiltak</b>                       | Ikkje starta opp   |
| <b>Utviklingsmelding for grunnskule, barnehage og kulturskule</b>        | Årleg tilstandsrapport                                   |
| <b>Evaluering av skulehelsetenesta</b>                                   | Ikkje prioritert   |
| <b>Kommunekompasset</b>  | Ikkje prioritert   |
| <b>Medarbeidarundersøking</b>  | Gjennomført 2016   |

#### 4.6 Forenkling av plansystem

I vurdering av planbehov bør utviklingstrekk i samfunnet, strategiske val og kapasitet til å utarbeide planar, kapasitet til å gjennomføre planar ligge til grunn. Plansystemet skal omfatte ei oversikt over lovpålagte planar «skal» planar og ha strategiar for nye kommunedelplanar og temaplanar.

Admnistrasjonen tilråd å forenkle kommunen sitt plansystemet i høve til planstrategien for førre kommunestyreperiode. Plansystemet er skildra i utkast til ny planstrategi for 2020-2023.

## 5. Utfordringsbiletet oppsummert

Med utgangspunkt i dei tema som er omtala i utfordringsnotatet vert utfordringsbiletet oppsummert i 10 punkt:

- Arealknappheit – knytt til naturfare, dyrka mark, strandsone, infrastruktur
- Naturfarar og beredskap – flaum, skred og ulykker
- Næringsutvikling
- Omstilling til grøn teknologi og klimatilpassing i offentleg og privat sektor
- Besøksforvaltning - transport og parkering, fellesgode finansiering, slitasje på natur og kulturverdiar
- Nok bustader tilgjengeleg i rett variasjon
- Kommunale tenester –auke i tal eldre, integrering, barn og unge som dett utanfor samfunnet
- Fysisk aktivitet og nærmiljø
- Omdøme og frivilligheit
- Halde fram som eigen kommune – samfunnsutvikling, interkommunalt samarbeid, eigarskapsstyring, effektiv tenesteproduksjon

Utfordringsnotatet er meint å vere ein del av kunnskapsgrunnlaget. Eit breitt kunnskapsgrunnlag er viktig når kommunestyret no skal gjere val og vedta prioriteringar knytt til kommunen si planlegging for inneverande kommunestyreperiode. Kunnskapsgrunnlaget kan med fordel supplerast med anna relevant statistikk og fakta.

